



MØTEPROTOKOLL

Utval: Tenesteutval for helse og omsorg
Møtestad: Voldsfjorden, Volda Rådhus
Dato: 07.02.2019
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Leiar	AP
Benedikte Holmberg	Nestleiar	V
Dag Sveinung Aarflot -13:40	Medlem	SP
Arne Ullaland	Medlem	AP
Ivar Otto Kristiansen -13:15	Medlem	H
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erlend Krumsvik	Medlem	U

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inger Tove B. Simonnes	Erlend Krumsvik	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef
Malene Rovde	Einingsleiar tildelingskontoret – OS 2/19
Randi Heltne Alfsvåg	Teamleiar Fysio- og ergoterapitenesta – OS 3/19
Ingunn Gjengedal	Assisterande omsorgssjef – OS 3/14 og PS 3/19



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 2/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 1/19	Orienteringssaker
OS 2/19	Orientering om tildelingskontoret og koordinerande leiing
OS 3/19	Status for samanslåingsprosessen for helse- og omsorgstenesteområdet
OS 4/19	Korleis jobbar ein med helseplattforma i Volda kommune
PS 3/19	Strategi for å rekruttere og beholde sjukepleiekompetanse

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming:

Det var fem røysteføre ved møtestart.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Leiar Hild Våge ber om at PS «Strategi for å rekruttere og beholde sjukepleiarkompetanse» blir sett på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste med tillegg frå Våge vart samrøystes godkjent.

PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til møteprotokoll frå forrige møte 21.11.18.

Røysting:

Protokoll frå forrige møte 21.11.18. vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

OS 1/19 Orienteringssaker

OS 2/19 Orientering om tildelingskontoret og koordinerande leiing

Handsaming:

Malene Rovde, einingsleiar tildelingskontoret orienterte om koordinerande leiing innan helse- og omsorgstenesta. Det vart presentert personar som jobbar innan avdelinga og oppgaver dei utfører.

Ivar Otto Kristiansen møtte kl. 13:15 og Dag Aarflot møtte 13:40. Det var sju røysteføre.

OS 3/19 Status for samanslåingsprosessen for helse- og omsorgstenesteområdet

Handsaming:

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om status for den pågåande samanslåingsprosessen mellom Volda og Hornindal kommune.

OS 4/19 Korleis jobbar ein med helseplattforma i Volda kommune

Handsaming:

Assisterande helse- og omsorgssjef Ingunn Gjengedal og teamleiar fysio- og ergoterapitenesta, Randi Heltne Alfsvåg orienterte om Helseplattforma. Helseplattforma er ein journal for helsetenesta i Midt-Norge der tanken er «Ein innbyggjar, ein journal». I dag er det mange ulike system som ikkje snakkar saman innan helseforetaka, noko som ikkje er heldig for innbyggjaren.

PS 3/19 Strategi for å rekruttere og beholde sjukepleiekompetanse

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Rådmannen får i oppdrag å iverksetje tiltak for å rekruttere og behalde sjukepleiarar, som vist til handlingsplanens pkt 1-4.*
- 2. Rådmannen må leggje fram kostnader knytt til bonusordning for sjukepleiarar.*
- 3. Tiltaka skal gjelde frå 01.01.2019 til 01.01.2020.*
- 4. Tiltaka skal evaluerast før dei eventuelt vedtakast vidareført i ny kommune.*

Handsaming:

Saka vart ettersendt og lagt ut på lesebretta måndag 04.02.19.

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten og assisterande helse- og omsorgssjef Ingunn Gjengedal orienterte og svarte på spørsmål.

Hild Våge fremma følgjande:

THO bed om at rådmannen ser på ytterlegare tiltak for å løyse utfordringane ved mangelen på sjukepleiarkompetanse i kommuna.

Røysting:



VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding med tillegg frå Hild Våge vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Tenesteutval for helse og omsorg - 07.02.2019:

- 1. Rådmannen får i oppdrag å iverksetje tiltak for å rekruttere og behalde sjukepleiarar, som vist til handlingsplanens pkt 1-4.*
- 2. Rådmannen må leggje fram kostnadar knytt til bonusordning for sjukepleiarar.*
- 3. Tiltaka skal gjelde frå 01.01.2019 til 01.01.2020.*
- 4. Tiltaka skal evaluerast før dei eventuelt vedtakast vidareført i ny kommune.*
- 5. THO bed om at rådmannen ser på ytterlegare tiltak for å løyse utfordringane ved mangelen på sjukepleiarkompetanse i kommuna.*

Leiar Hild Våge ber om at neste møte blir på Prestegarden.

Møte slutt 16:15.

Rett utskrift,

Volda kommune, servicekontoret

08.02.2019

Sunniva Utnes

Konsulent